



Hjørnet Skjoldavegen - Haraldsgata omkring 1919 sett mot aust.

MHB-F.2233

HAUGESUND ELLER AMERIKA

Nils Olav Østrem

Nils Eliasson Kvamme var ein av mange som flytta frå Skjold. Denne artikkelen handlar om utflyttarar – og utvandralar – som han.¹ Nils var fødd på garden Årek i Skjold sokn, noverande Tysvær kommune, i 1894. Som nykonfirmert fekk han seg løna arbeid som bakardreng i Haugesund.² Han skildrar det fysiske arbeidet i bakeriet som hardt. Første møtet med byen var heller ikkje det beste, "strong and unattractive" stod denne fram for han. Ein gong fekk han ei kraftig og rammande irettesetjing etter å ha vore uheldig under utlevering av nokre julebrød. Ved eit anna høve blei han utsett for eit vanleg "trick" mot seg som "greenhorn" og lærling. "Nels learnt to hate the fishy smell of Haugesund, and early resented the harsh hand of a stingy baker, and determined to come to the land of plenty."³ Etter halvtanna års arbeid i bakeriet, håpte han å ha blitt bakarsvein. I staden enda Nils opp med å dra til USA. Han emigrerte i 1913, og kalla seg i Amerika Nels E. Quam.

Nils fortel elles frå opphaldet i Haugesund, det viktigaste flyttealternativet hans til USA, at han kom under påverknad av politiske retningar som ville betra kåra for "the working people". Dette skjedde både ved at han las avisene deira og lytta til talarane deira. "Radical thinking" gjorde at han tok til å hata dei stive sosiale barrierane og bestemte seg for ein gong å bli "able to strike a heavy blow at the then existing order of society and government". Nels seier at faren og brørne høyrd til "the conservative party". Han blei overtydd om at faren hadde feil politisk syn, og fortel at han ei helg drog heim frå byen fordi han ville "preach socialism to mother", heilt til hennar ytste avsmak, legg han til. Seinare, etter at han kom til Amerika, skifta Nels sjølv politisk standpunkt, frå "radicalism to liberalism", seinare igjen til konservativisme.

Elisabet Størkersdotter Håland vokser opp ikkje langt frå Nils. Oppveksten hennar var på garden Longalandsvik. Faren, Størker Person, hadde tidlegare drive landhandel i Skjoldastraumen. Han var fødd på garden Håland like ved og hadde som handelsbe-tjent kome heim frå Stavanger i 1871 for å prøva finna seg ein leveveg som handelsmann ved Skjoldastraumen. Det var på dei tider sterkt på tale å etablera regulær dampskipsfart på Skjoldafjorden, og Størker må ha tenkt at ein landhandel like utanfor innløpet i Straumen kunne vera eit tiltak vel verd å starta. Det skal ha gått bra i byrjinga: "Their store with sailboat and quay with warehouse gave a good income to begin with ..." Dei heldt ut i mest 20 år som handelsfolk i Straumen, heilt fram til 1889. Ikkje mange år seinare flytta familien til Storasund ved Haugesund. Garden Storasund låg på den tid ennå i Skåre kommune, men blei innlemma i Haugesund kommune ved byutvidinga i 1910.⁴

Elisabet omtalar flyttinga ut mot byen som "the great change": "To move from the

secluded farmstead across the fjord from Skjold to the lively sea town of Haugesund ...". I Skjold var det bestemødrene som hadde gjort sterke inntrykket på Elisabet. Longalandsvik var nabogard til Longaland, der mor hennar var fødd og oppvachsen. "... we could hear grandmother call the cows home in the evenings, her voice ringing out Kome Kua - Kome Kua." At familien budde så nær bestemora på Longaland, førte til at barnebarna fekk eit varmt og kjærleg forhold til henne: "We just loved grandma Langeland." Elisabet hugsa derimot berre å ha møtt bestemora på Håland ein einaste gong: "she impressed me by being so bent over, I was told it came from having worked so hard."

I Haugesund var det meste annleis. Arbeid, slit og "isolasjon" kjem i bakgrunnen gjennom det første møtet med byen for den vesle jenta, som var omkring åtte år gammal. Barnesanske fanga opp dette ved familien sitt første møte med byen, i langt lysare fargar for Elisabet sin del enn kva Nels E. Quam fortel i sjølvbiografien sin:

Passing through the town of Haugesund for the first time I was impressed by the good odor from stores and bakeries, the clean streets, the fine sidewalks and all the painted houses. ... small and large sailboats, even steamboats pouring out black smoke. What activity!



Nils Kvamme med to andre bakeriarbeidarar medan han oppheldt seg i Haugesund like etter 1910. Nils t.v. var 18 år på denne tida. Namna på kameratane er ukjende.

Foto: p.e.

Også for den vesle skulejenta var overgangen stor: "In Skjold only one small class going every other week for six months of the year. In Haugesund a large two room school house with two teachers and large classes, going to school every other day for nine months." Ho legg nøy ut om skule- og fritidsopplevingane sine. Om faren fortel ho at han var aktiv deltagar i religiøse møte, "with lay preachers coming to town". Den gamle huspostill-boka "Johan Arndts sande Kristendom" var mykje i bruk i heimen. Det var visst ofte mora som las - mora var "a good reader". Om mora opplyser ho elles at også ho var mykje med i det religiøse livet, særleg i leiarfunksjonar innan det kvinnelege misjonsarbeidet. Elles var mora ikkje vidare glad korkje for at borna drog til Amerika eller hamna for tidleg på rek i bygatene. Ho var bekymra for kva byen kunne by borna: "Mother did not like to see us go to town Sunday evenings, to avoid that she encouraged us to invite friends for supper and to spend the evening at home." Og ho varta opp med speilegg, te og "sandwiches". Dette var ei uvanleg oppvarting på ein gard den gongen, meiner Elisabet - "tea and eggs were considered a luxury".

Få år før familien flytta til det bynære gardsbruket på Storasund, hadde eldstesøstera til Elisabet, Marta, tatt farvel for å fara til Amerika. Også den eldste guten, Peder Olai, valde Amerika. Elisabet fortel om korleis ho levde med i amerikafarten til desse to søskena: "I did not realize they would be gone so long. I expect I thought their going was more like father making trips to Stavanger and Haugesund, but it became great days when we received "America brev", those letters had to be read aloud to the family, to visitors and neighbors." Og då storesøstera Marta etter fleire år kom tilbake, enda det med at Elisabet sjølv blei med sidan Marta "encouraged me to go along":

I do not understand and could not explain why I decided to leave Norway or my good home. I liked it best and just wanted to stay with mother. ... Of course it helped to be with sister; but to leave mother and the rest. Maybe being so busy getting ready, I forgot about leaving.

Haugesund – alternativet til Amerika

Migrasjonsforteljingane til Nils Kvamme og Elisabet Håland, som er baserte på sjølvbiografiar, fortel begge om at det eksisterte særleg eitt aktuelt alternativ til Amerika for ungdomar frå Skjold prestegjeld. Den nære byen Haugesund stod fram som ein mogleg arbeids- og bustad.

Haugesund fekk ladestadsrettane sine i 1854, midt i eit tiår med heller sterke tidleg utvandring til USA. Det blir rimeleg å retta fokus mot kva rolle den nye byen kan ha spela som alternativ flyttested. Det første spørsmålet det difor vil bli sikt svar på, er kor stor tilstrøyming den nye byen Haugesund hadde av folk frå Skjold prestegjeld. At tilflyttinga var sterkt frå Skjold til Haugesund, er tidlegare påvist av Sissel Knutsen.⁵

For utflyttarar frå Skjold prestegjeld var det berre Amerika som var eit viktigare flyttemål enn Haugesund. Av 626 registrerte utflyttarar frå prestegjeldet ved folketeljinga i 1865, var fjerdeparten av desse ”skjoldfødde” busette i Haugesund. Nesten tjuandeparten av haugesundarane i 1865, var fødde i Skjold prestegjeld.

Det klare flyttebiletet som trer fram, viser dessutan ei massiv flytting mot vest frå Skjold prestegjeld. Byen Haugesund er i så måte det klaraste provet på denne flyttestraumen vestover. Men også prestegjelda ved Karmsundet, Torvastad, Avaldsnes og Tysvær, understrekar den same vestvende flytteretninga. Berre Stavanger by kjem i nærleiken av like mange innflyttarar frå Skjold prestegjeld. Dit hadde 15-16 prosent av dei 626 utflyttarane tatt veggen.

Likevel var USA det flyttealternativet som over tid dominerte. Alt i to undersøkte femårssgrupper av personar fødde i Skjold prestegjeld i åra 1825-1829 og 1845-1849, hadde fleire flytta til USA enn til Haugesund eller andre enkeltstader. Slik kom det også til å bli når me tar for oss kor dei drog som var fødde mellom 1865 og 1869 og mellom 1885 og 1889.

Sjølv om Haugesund utanom USA var den viktigaste flyttevegen frå Skjold prestegjeld, er det også slik at utflyttarane frå soknet Skjold valde seg mange ulike flyttemål. Fordelinga eller spreininga er stor mellom ulike enkeltbygder. Flyttinga strødde seg utover til andre bygder i heimeregionen Karmsund og til lokalsamfunn i naboregionane Ryfylke og Sunnhordland. Nokre flytta også lengre bort, til dømes til Kristiania.

Haugesund for husmannsborn

Det er registrert 504 utflyttarar frå Skjold sokn til Haugesund by, fødde mellom 1825 og 1900.⁶ Den sosiale fordelinga av desse er klart annleis enn for amerikaemigrantane. Husmannsgruppa utgjorde ein langt større del av byflyttarane enn amerikafararane, sjølv om gardbrukarfolket var i fleirtal i begge. Den sosiale spreininga var heilt annleis i byflyttinga enn i USA-utvandringa. Det er all grunn til å understreka at Haugesund sosialt sett var husmannsalternativet i flyttebiletet for Skjold sokn. Å utvandra til Amerika var derimot like klart gardbrukaralternativet innanfor dette lokale flyttemønsteret utover 1800-talet og godt inn på 1900-talet. I motsetning til flyttestraumen mot Haugesund der både folk med gardbrukarbakgrunn og folk med husmannsbakgrunn var sterkt representerte mellom flyttarane, var det svært få med opphavet sitt i husmannsgruppa mellom emigrantane til USA.

Haugesund frå permanent flyttemål til transittstad og flyttestasjon

Den store tilflyttinga til Haugesund og prestegjeldet Torvastad, som den nye byen høyde heime i, er det mest interessante trekket ved den innanlandske utflyttinga frå Skjold prestegjeld. Heile 218 menneske i byen og byomkrinsen (Torvastad prestegjeld,

medrekna Skåre sokn) hadde Skjold prestegjeld som fødestad ved folketeljinga i 1865. Byen Haugesund med sterkt sildefiske i havområdet utanfor og lett tilkomst frå Skjold prestegjeld – særleg då for Skjold sokn – med nytt vefsamband tidleg i 1860-åra, må ha verka tiltrekkskande på bygdefolket her.

Det er tydeleg at det var til Haugesund den største enkeltgruppa av personar fødde i Skjold prestegjeld hadde tatt flyttevegen. Men flyttinga vestover var også eit eldre fenomen og representerer slik sett eit alt etablert flyttemønster.

Av dei 154 tilflyttarane frå Skjold som budde i Haugesund i 1865, budde berre vel halvparten i byen ti år seinare.⁷ Av mennene budde i 1875 60 prosent av dei som hadde vore i byen ti år før. Berre 43 prosent av kvinnene i 1865 var her framleis i 1875. Grunnane til denne heller låge gjenfinninga må anten vera bortflytting eller dødsfall. Ein kan ikkje forvisst vita kor mange som seinare utvandra av dei Skjold-fødde som budde i byen i 1865, men dei fleste som hadde flytta frå Skjold prestegjeld til Haugesund, blei buande der.⁸ Stabilitet var såleis eit viktig trekk ved den tidlegaste flyttinga av skjoldabuar til ”sildabyen”.

Bysamfunnet Haugesund tok til å veksa fram i løpet av det siste tiåret før den tidelegare strandstaden fekk ladestedsrettar i 1854. At det like fram til 1885 i Haugesund budde så mange som 20 personar med Skjold prestegjeld som fødestad før 1825, er i seg sjølv eit teikn på at stabilitet prega den første innflyttinga til byen. Flyttarane frå Skjold drog til den unge byen for å bli der livet ut. Og om dette neppe under første byreisa deira alltid var intensjonen, må forholda i den nye byen ha lege godt til rette for at dei kunne bli verande der. Nokre persondøme kan underbyggja kor varig byflyttinga verkeleg var for mange.

”Bendix Torstensen Ørke” var ein av skjolda- eller vatsbuane som er å finna busett i Haugesund by ved alle folketeljingane mellom 1865 og 1885. I tillegg kan han trekjkast fram som døme på ein av ”pionérane” utanfor det øvre borgarskaps-sjiktet mellom dei som tidlegast busette seg i den framveksande, nye byen. Bendix, eller Bendik, var oppvachsen på eit heller stort husmannsplass, helst for eit ”jordbruksplass” å rekna, under garden Yrkje, eller ”Ørke”, ved Yrkjefjorden i Søre-Skjold. Han var fødd i 1820 medan foreldra budde under garden Åm i Vats. Dei tok over det gamle plassen Vikane under Yrkje seinast to år etter då det neste barnet deira blei fødd der etter eldstebarnet Bendix.⁹

Bendix gifta seg i 1846. Same året budde han og kona Anna Karine Andersdotter som innerstar på garden Førre i Førresfjorden, ei anna nabobygd til Skjold, ein del av Avaldsnes prestegjeld.¹⁰ Det gjekk truleg ikkje så lang tid før Bendix flytta med familién sin til Haugesund. I alle høve var dottera Bendixine Marie Ørke fødd der i 1861 etter kva folketeljinga for 1865 fortel.

Yrket til Bendix Ørke var ”Postbefordrer”. Dette yrket hadde han alt i 1865, på eit tidspunkt då han var ein ung enkemann. Fem år seinare var postmannen blitt gift på nytt. Det var han framleis i 1875, men no står han oppført som ”Uhrmager” og ”Pilkemager” i folketeljinga for dette året. Ti år deretter igjen heldt han oppe i alle høve

den eine geskjeften som sysselsett med "Fabrikation af Fiskeredskaber", framleis som gift mann. Han døydde i byen i 1908, som "fhv. Uhrmager".¹¹

Oppsummeringsvis kan det om pionérflyttaren Bendix seiast at han representerer ein tidleg tilflyttar til Haugesund. Han blei verande der livet ut, eit trekk av permanens som ser ut til å ha prega mange av dei første som kom til byen, det vil seia dei som var fødde før 1825. Den sosiale bakgrunnen kunne variera mellom dei som budde i Haugesund ved folketeljinga i 1865 og var over 40 år. Det finst i motsetning til Bendix sin husmannsbakgrunn, også fleire med opphavet sitt i gode gardbrukarkår. Dette kom til å endra seg seinare. Elles er det eit trekk å leggja merke til ved Bendix at han ikkje flytta direkte til Haugesund. Utflyttinga frå Skjold skjedde i alle høve via eit opphold i Førresfjorden. Slik etappeflytting til Haugesund kom også seinare til å bli ganske utbreidd.

Frå ein tidleg flyttemål-fase, prega av innflytтарar som i stor grad slo seg ned for godt i Haugesund, kom bysamfunnet inn i ein overgangsprega mellomfase der det blei stadig vanlegare at folk flytta vidare. Under den tidlege byetableringa og ei tid framover, var Haugesund eit slags endeleg flyttemål dit folk kunne flytta for fast bustadopphold, gjerne livet ut. Seinare, truleg helst gjennom ein glidande overgang, blei Haugesund omgjort til ein temmeleg flyktig flyttetasjon. Det permanente preget ei flytting til "Byen ved sundet" først hadde, blei avløyst av eit temporært preg for denne byflyttinga sin del. Eit mellombels Haugesund-opphald enda for mange med utvandring frå byen til USA, og for gjerne like mange med utflytting til svært mange ulike stader. Og frå desse flyttestadene kunne også tilbakeflytting til heimbygda vera aktuelt for mange.

Mellan dei som valde å dra frå byen, var det mange emigrantar. Medan det i 1868 og 1869, før silda forsvann, ikkje var meir enn ni emigrantar for året frå Haugesund, auka dette til opp mot 50 pr. år i 1870-åra.¹² I 1880-åra opplevde også den unge Karmsund-byen store utvandringstal: 1881-1885: 467 og 1886-1890: 460 emigrantar.

Dei offisielle utvandringstala for Haugesund frå slutten av 1860-åra, som er refererte ovanfor, kan også vera ein peikepinn om kva tid endringa frå varig flyttemål til mellombels flyttetasjon skjedde for denne byen. Her peikar aukande tal på emigrantar ut både 1870- og 1880-åra som ein endringsperiode.

Haugesund opplevde truleg ikkje nokon omfattande emigrasjon før rundt det nasjonale toppåret 1882. Sildabyen hadde ikkje særleg stor utvandring i det første dryge tiåret etter at sildefisket svikta i 1870. I ei medisinalberetning for 1876 heiter det at det rår sunne helseforhold i byen Haugesund, ikkje minst takka vera dei "store, brede, aabne Gader" i byen.¹³ Det blir elles framleis fokusert meir på innflytting enn utflytting:

Forøvrigt har Stedet en kjernesund Befolking, der, som fordestmeste indvandret fra Landdistrikterne, endnu ikke staar synderlig høit i Oplysning, men som til Gjengjeld forstaar at leve tarvelig og arbeide energisk, Egenskaber, hvorved Haugesund er bleven en af de Byer,

der har trukket størst Fordel af de senere Aars rige Nordlandsfiskerier. Som Følge heraf er den paniske Skræk, som Vaarsildefiskets Ophør fremkaldte, forlängst overvunden og Byen befinner sig i rask Udvikling.

Ulike flyttetypar og ein ny flyttekultur

Haugesund og nærområdet Skåre sokn i Torvastad prestegjeld låg så nær Skjold sokn at det over tid synest å ha utvikla seg til det som kan kallast eit "omvandringsområde". Mange hadde flytta til Haugesund og nærområdet for kortare arbeidsopphald der, truleg lenge før dei tidlege 1900-talsåra. Det rådande trekket over tid er at utflytting til Haugesund blei både stadig meir generasjons- og periodebasert. Det synest klart at omvandringspreget over tid kom til å dominera byflyttinga frå Skjold sokn til Haugesund.

Lars Bårdson kan trekkest fram som eit første døme. Livssoga hans viser noko av rørslepreget og vandringsomfanget flytteaktiviteten kunne ha for enkeltpersonar og -familiar. Lars var fødd så tidleg som i 1821 på husmannsplassen Torraneset under garden Haraldseid i Nordre Skjold. Han høyrer dermed med til den tidlegaste gruppa av flyttarar til Haugesund. Men Lars og familien hans flytta dit på eit seinare tidspunkt enn dei eigentlege pionérflyttarane. I staden kan Lars karakteriserast som både etappevandrar og tilbakeflyttar.

I sit 9^{de} Aar forlod han Forældrene og tjente siden hos Fremmede indtil sit 20-21 Aar. Senere foer han til Søes indtil han 27^{de} Aar gl, fæste et Husmandsplads under Haraldseid, hvorfra han for omtrent et Aar siden flyttede til Gaarden Spande.

Dette skrev soknepresten i Skjold, Hans Andreas Høstad, om Lars i 1860.¹⁴ Garden Spanne, som Lars hadde kome til året før, ligg ved Karmsundet, i Torvastad. Den første delen av livskursen til Lars peikar på at han laut forlata foreldreheimen som åtteåring. Dette representerte truleg eit utbreidd oppbrottstidspunkt for mange, ved tidspunktet for overgang frå barn til tenar.

Ifølgje presten tok denne tenestetida slutt då Lars var i 20-21-årsalderen. Dette fell saman med at han i 1842 flytta som dreng til Nordbø på Rennesøy. Der fann han ho som blei kona hans, Olina. Dei gifta seg i 1846, og busette seg for ei tid på denne Rennesøy-garden.¹⁵

Lars må ha dratt til sjøs like etter at han flytta til Rennesøy. Første barnet sitt fekk han og kona på Rennesøy same året som dei gifta seg. Ved den neste barnefødselen, i 1848, budde den vesle familien på Kvitsøy. Og tre år deretter var dei komne tilbake til heimegarden til Lars, Haraldseid i Skjold. Under denne garden fekk han



Frå Årek nokre få år etter at Nils Kvamme emigrerte til Amerika. I bakgrunnen ligg gardane Aursland og Våg. Hodnafjellet til høgre i biletet.
Foto: Tønnes Sandstøl. Fotosamlinga i Byarkivet i Stavanger

i 1852 festa husmannsplassen Øynå. Men det ser ikkje ut til at familien blei verande i meir enn eit par, tre år på dette plassen. Ein ny husmannsfamilie tok det over, truleg seinast i 1855. Likevel skriv skjoldapresten at Lars og familien først i 1859 flytta frå Skjold til Spanne i Torvastad, like ved Haugesund.

Lars Bårdson og Olina Torgersdotter budde i Haugesund ved folketeljinga i 1865. Dei hadde budd i byen i mindre enn fem år. Og dei flytta altså først til Torvastad før dei tok flyttevegen inn til Haugesund ein gong etter 1860. I Haugesund hadde Lars i 1865 arbeid som tømmermann. Fem år seinare var han igjen sjømann. Men i seinare folketeljingar enn denne fra 1870 er Lars ikkje å finna. Kona Olina Torgersdotter døyde derimot i Haugesund den 24. april 1875 som fattiglem og "Lars Baardsen Spandes Kone".¹⁶

Det er interessant å sjå kor uregelbunden migrasjonshistoria til ein enkelt person/familie kunne vera. Lars går mot den vestlege flyttestraumen då han tar familién med seg tilbake til Skjold etter opphold både på Rennesøy og Kvitsøy i vest. Så vender han igjen vestover mot kysten etter opphaldet i heimbygda, men ikkje som kanskje mest venta direkte til Haugesund. Byflyttinga skjer som ei etappevandring via Torvastad, hovudsoknet i det prestegjeldet den unge byen var skilt ut ifrå.

Lars Gjertson var frå plassen Treet under garden Indra Tveit i Vestre Skjold. I 1882 fekk han, 30 år gammal, flytteattest frå presten for å fara til byen. Presten kunne då mellom anna opplysa at Lars ikkje var ukjend med bylivet. Attestmottakaren hadde

"siden sin Konfirmation vexelvis faret tilsoś, vexelvis opholdt sig her og i Hougesund". Garden som Lars var ifrå, Indra Tveit, låg mindre enn to mil frå byen. I 1885 var Lars etablert i Haugesund, gift og med yrke som både bokker og sjømann, busett i Haraldsgata. I folketeljinga 1900 finn ein derimot ikkje namnet hans, berre kona sitt. Trass i dette, budde Lars Gjertson påviseleg i byen i 1911, framleis som bokker. Også i 1919/1920 er han nemnd.¹⁷

Henrik Henriksen Kalveland var fødd i 1865 på garden Kalvaland i Skjold. I 1901 blei det skrive ei heimstamnsforklaring om Henrik, eller Henrik Johan som han var døypt. Heimstamnsforklaringsar er ei kjelde som kartlegg alle opphaldsstader for eit individ.¹⁸ Kartlegginga skulle tena til å avgjera kor ein person samanhengjande hadde vore geografisk heimehøyrande, med andre ord kor vedkomande sat med heimstamnsrettar. Dette var særleg aktuelt å vita i samband med spørsmål om fattigstøtteansvar for kommunane den flyttande hadde hatt tilhald i.

Basert på diverse vitneutsegner kom ein fram til at Henrik etter å ha blitt konfirmert i heimbygda ca. 15 år gammal, var "hjemme paa Kalveland til paafølgende vaar".¹⁹ Deretter kom han ikking 16 år gammal i teneste på garden Litlaskog, også i Skjold. Nils Bårdson som gardbrukaren der heitte, var svoger til Henrik. Alt året etter flytta han til Lars Nesheim, truleg i Vats.

I 1887 eller 1888 flytta Henrik til Haugesund, etter å ha tent hjå Lars Nesheim eitt år. Han tok teneste hjå "skydsskaffer" Stensland, truleg identisk med vognmann Lars Olsson Steinsland.²⁰ Opplysningane er ikkje klare om kor lenge Henrik blei verande i byen, men derifrå gjekk flyttevegen hans til gruvesamfunnet Visnes på Karmøy. Der fekk han seg arbeid hjå "kjører" Alme. Vidare heiter det at han etter eit halvt år eller "ca. 10 maaneder", var "saa 1/2 aar - en vinter - hjemme i Skjold hos fosterforeldrene til i 20 aars alderen". Etter dette opphaldet i heimbygda vende han tilbake til Haugesund for igjen å tena eitt eller to år hjå den same Stensland som han før hadde arbeidd for. "Dernæst 1/2 aar løs", heiter det så, før opplysningane blir temmeleg motstridande. Men som "lausarbeider" skal han etter ein versjon ha vore "dels hos Gudmundsen paa Grønhaug", det vil seia i Skåre,²¹ deretter hjå "en gaardbruger paa Spanne en uges tid", det vil seia i Torvastad, og "resten af sommeren hos Torjus Lie, Skjold". Etter endå eit relativt langt opphald hjå skysskaffar Stensland flytta han "saa til Skaare og tjente hos Ole Michael Kristiansen paa dennes gaard, Nygaard, ca. 1 aars tid". Eigentleg var det hjå ein forpaktar her på eit bruk av matrikkelgarden Gardå at han heldt til under denne tenestetida, "hvorefter han reiste til Amerika". Dette skjedde våren 1890, etter at han først "reiste hjem" til Skjold "en kort tur". Før det i 1901 blei heimstamnssak om Henrik, var han komen tilbake til fødebygda Skjold.²²

Gjennom heimstamnsforklaringa om Henrik Henrikson frå Kalvaland går det fram at ein enkelperson kunne ha ei temmeleg omfattande flyttehistorie. Henrik var innom fleire bygder eller fattigkommunar før han emigrerte. Og som utflyttar frå Skjold til Haugesund representerer han ein mobil flyttar. Det første opphaldet hans i Haugesund blei etterfølgt av flytting både til andre bygder og stader rundt byen i tillegg til flytting


Hjemstavnsforklaring.

W. J. 1937.

**Skjemaet må
utfylles nøaktig.**

A. Oplysninger om den understøttede.

1. Navn: (Samtlige for- og etternavn).
2. Stilling (levevei): Lösarbeider
3. Født, når (dato) og hvor: - i Kragerø
4. Konfirmert, når og hvor: - i Kragerø
5. Gift, når og hvor: ugift
6. Statsborgerforhold: norsk
7. Bopel: Strandgt 196
8. Understøttelse: Senest i Stavanger 5/1 -36 med kr. 5,- (når, hvor, trangens årsak).
Han understøttes her idag med kr. 6,- til ophold.

B. Oplysninger om den understøttedes foreldre.

9. Navn: Sjømand og hustru
10. Fødested: begge i Kragerø
11. Gifte; når og hvor:
12. Statsborgerforhold: norske
13. Bopel: Far bor i Kragerø, og er skildt. Mor er gjengift med stuert, og er bosatt i Jeløy pr Moss.

²³ Også tidligere understøttelse og i andre kommuner.

heim igjen. Slik heller stor flytteaktivitet kan stadfestast av også andre flyttehistorier.

For dei kvinnene fra Skjold som det er funne heimstamnsforklaringar for i Haugesund i åra like etter 1900, var flytteaktiviteten langt mindre enn kva omfattande migrasjonsforteljingar for menn vitnar om. Det biletet som festnar seg, er at desse kvinnene som oftest slo seg til for godt i eller nær byen når dei først flytta inn til eller inn mot Haugesund. "Pige Trulsiana Sivertsdatter Grinde" kan vera eit første døme på at stabilitet er sterkare framtredande for kvinnelege enn for mannlege innflyttarar til Haugesund og nærmeste omlandet.²³

Trulsiana, som var fødd i 1865 på garden Grinde i Skjold, var dotter til innersten Severin Trulsson og kona Sønneva Trulsdotter. Faren døyde tidleg, Trulsiana var ikkje meir enn sju år då han fall frå. Likevel heiter det om henne at ho "opholdt sig i Skjold fra 15 aars alderen til hun som tjenestepige flyttede til Haugesund 1894". Dette må helst tolkast slik at ho også hadde budd heime fram til ho fylte 15 år – heimstamnsforklaringane spør ikkje etter flytteopplysningar før konfirmasjonstidspunktet. "I Haugesund har hun boet uden afbrydelse i 2 1/2 aar til hun flyttede til Skjold våren 1897", heiter det så vidare om Trulsiana.

Returen til heimbygda Skjold skuldast truleg at Trulsiana venta barn. I 1900 budde ho saman med mora og den treårige sonen Stener Ludvig på eit husmannsplass under Grinde. Ho gjekk no på vanleg daglørnarbeid "hos gårdsfolk".²⁴ I tillegg er det rimeleg å tru at Trulsiana hjelpte til med eller hadde overtatt det handarbeidet mora tidegare hadde drive i form av spinning og strikking.

Ved pinsetider 1901 flytta Trulsiana til Skåre, truleg saman med både mor si og barnet sitt. Ho budde seinare same året sjølv på skåregarden Rossabø. Om mora som gjern også heldt til der, blir det på same tid berre sagt at ho budde i Skåre.

Eit par andre persondøme kan festna inntrykket av relativ stabilitet for kvinneflyttarane frå Skjold til Haugesund-området. Søstrene Kristiana og Lina, eigentleg døypet Johanna Karoline, kom frå husmannsplassen Myrane under garden Håvik i Skjold. Den førstnemnde var eldst av dei to, fødd i 1864 og etter bygdeboka først utflytta til Mølstre i Sveio.²⁵ Heimstamnsforklaringa avhalden i Haugesund om Kristiana året 1905 opplyser berre at "hun har tjent hos Kolstø uden afbrydelse ca. 8 aar".²⁶ Kolstø var ein revisor busett i Haugesund.

Lina, søstera til Kristiana, var fødd i 1877 og hadde flytta direkte frå Skjold til Haugesund. "Efterat hun var konfirmeret drev hun syarbeide i Haugesund til hun blev gift."²⁷ Konfirmert blei ho i 1893 i heimbygda Skjold og gift i 1901 i "Haugesund by". Dette tyder at Lina samanhengande i truleg ca. åtte år hadde hatt fast opphald i Haugesund. Etter giftarmålet flytta ho og mannen til Stavanger. Eit par månader før heimstamnsforklaringa i 1904, reiste Lina tilbake til Haugesund for igjen å bu der.

Eit siste trekk ved heimstamnsforklaringane, er at dei også kan fortelja om intern flytting i sjølve byen, innanfor bygrensa.

John Henriksen var fødd i 1861 i Skjold, og blei seinare både døypet og konfirmert der. Han gifta seg i 1885 i Avaldsnes med Tåren Marie Nilsdotter.

Heimstamnsforklaringa frå 1904 over "fhv. styrmand, nu sjauer" fortel at ekteparet fekk første barnet sitt i Avaldsnes året etter, men flytta så til Haugesund ein gong før 1891.²⁸ Sjølv om det blir sagt om familien at "de har ikke boet udenom Haugesund etterat de flyttede hid", flytta dei mykje rundt omkring innanfor byområdet:

Boet hos Ole Alne, nu Hornelands hus 2 aar, Svend Jakobsen 1 1/2.
Bageren hos Stokkedal 1/2 (år) – Brummenæs og Torgersen 2 aar, nu hotel Norge – Mækebak 6 1/2 aar – Nils Henriksen 1/2 aar – Senere hos Lura 1 aar. Lars Vik 1 1/2 aar.

Å flytta til Haugesund kunne for mange også vera eit stadium i livet som seinare enda med emigrasjon til Amerika, slik som på noko ulikt vis for Nels E. Quam og Elisabet Håland. Henrik Kalveland er eit anna døme på ein tilflyttar til Haugesund som seinare hamna i USA, før han igjen vende tilbake til gamlelandet som heimvend utvandrар.

Oppsummering

Tida frå ikring 1880 og utetter står fram som ei tid prega av omflytting mellom Skjold prestegjeld, Haugesund by, dei amerikanske stadar og andre stader, som til dømes Stavanger by. Ein ny flyttekultur har sitt høgdepunkt, og skapar ein tilstand prega av naturleg flytting mellom ulike skiftande flyttestasjonar. Den nye flyttekulturen var blitt ein integrert del av kulturen både i bygd og by. Utvandringsvalet eller –alternativet var tatt opp i bygde- og bymentalitet. For den enkelte vil dette seia at dei alle var trekte inn i ein kultur som gav dei ei personleg identitetsforståing der "Amerika" hadde ein sentral plass. Men i tillegg fanst også andre flyttemål eller mellomstasjonar. Haugesund og Amerika blei på mange måtar to sider av same sak, innanfor ein tilstand av stor omflytting.

Av folketellinga 1865 går det fram at Skjold var det prestegjeldet som hadde flest utflyttarar til Haugesund. Utflyttinga til Haugesund skil seg også over tid ut som hovudalternativet til USA-utvandring for folket i Skjold prestegjeld samla sett. Dette kan også forkla kvifor utvandringa frå Skjold prestegjeld i røynda var temmeleg moderat i omfang. Den frå 1830/40-åra raskt framveksande "sildabyen" Haugesund heldt fram med å vera førstevalet etter amerika-alternativet for utflyttarar herifrå gjennom heile studieperioden for utvandringa frå dette området. Men utvandringa til USA hadde heile tida eit klart større omfang enn utflyttinga til Haugesund.

Utvandringa til Amerika frå Skjold prestegjeld var statistisk sett ikkje svært stor, men låg heller på eit gjennomsnittleg, mellomstort nivå. Mange andre stader hadde fleire utvandrarar. Ein hypotese Ingrid Semmingsen har sett fram, blir i denne samanheng interessant.²⁹ Dersom eit før-industrielt bygdeområde hadde etablert ein regelmessig

flyttekontakt med ein by, ville denne bygda vera mindre utsett for "amerikafeber" enn bygder utan slik kontakt.

William Hubbard har vist korleis Skjold prestegjeld i flytteåtferda skilde seg klart frå naboprestegjeldet Nedstrand.³⁰ Førstnemnde hadde så sterkt utflytting til Haugesund at det må reknast som tilhøyrande "det haugalandiske flytteområdet" orientert mot Haugesund. Nedstrand orienterte seg derimot sørover og var prega av at "Stavanger dominated clearly". Innanfor Skjold prestegjeld viser det seg derimot klare skilnader mellom sokna Skjold og Vats. Skjoldabygda kan reknast til "det haugalandiske flytteområdet" medan Vats høyrd til "det stavangerske".

Den sosiale profilen for emigrasjonen og byflyttinga var ulik. Medan innslaget av gardbrukarar var sterkt mellom utvandrarane, var det monaleg svakare mellom byflyttarane. Mange av dei som flytta til Haugesund, var rekrutterte frå den store husmannsgruppa i Skjold prestegjeld.

I den tidlege byetableringsfasen kan Haugesund oppfattast som eit flyttemål med sterkt påverknad på omlandet. Sildefisket gjorde at Haugesund framstod som ein nyskapt og ekspanderande by med høve til å skaffa seg gode levebrød. Sildefisket gjorde "Havnen Haugesund", som staden er kalla i folketellinga for 1845, til eit spennande område, med gode utsikter for økonomisk vinning gjennom sildesalting og sjøfart. Haugesund likna på ein måte på ein amerikansk frontier, eit ubrote område som kunne gi mange nytt feste for liv og levebrød. Ressurssterke personar søkte difor mot Karmsundet for å ta del i og nyta godt av byframveksten der. Også frå Skjold prestegjeld flytta personar med solid sosial og økonomisk bakgrunn til Haugesund i den tidlege byfasen.

Mange av dei tidlege brypionérane kom til å bli bufaste i Haugesund. Det synest å gå fram at mange av dei som kom tidleg til byen, også blei buande der livet til endes. Sjølv om nokre tidlege amerikafararar er unntak frå denne regelen, står det fast at for dei som greidde å etablera seg i Haugesund før ikring 1860, ser det ut til at USA ikkje var noko reelt alternativ for vidare migrasjon.

Det gjekk ikkje så lenge før Haugesund med omsyn til flytting utvikla seg til å bli noko anna enn det me har gitt merkelappen flyttemål. I staden blei den, trass i alt, vesle byen ein skiftande, flyktig flyttestasjon, kanskje alt frå 1860-åra av, men i alle høve frå ikring 1880. Sjølv med sterkt stigande folketal, opplevde bysamfunnet stadig omskifte av folk. Haugesund by utvikla seg til ein gjennomstrøymingsstad, med både mykje til- og fråflytting. Dette transittpreget endra også på den sosiale samansetjinga av dei som flytta til byen frå landet. Det nedre sosiale sjiktet blei overrepresentert i byflyttinga jamført med USA-migrasjonen.

I tråd med at store delar av Skjold prestegjeld låg så nær Haugesund, utvikla det seg over tid slik at desse delane kom til å inngå i det som kan kallast omflyttingsområdet til denne byen. Gjennom bruk av migrasjonsforteljingar er det prøvt å visa korleis enkeltpersonar kunne ha ei flyttehistorie som er prega av vandring mellom heimbygda og den nærliggjande byen. I tillegg illustrerer migrasjonsforteljingane også at etappe-

vandring via Haugesund etter kvart blei eit utbreidd fenomen, anten i form av vidare innanlandsk flytting eller i form av utvandring til Nord-Amerika. For Nels E. Quam og Elisabet Håland – og mange andre – som flytta til Haugesund – blei flyttinga dit eit steg på vegen til å flytta vidare til USA.

Noter

- ¹ Artikkelen byggjer på undersøkinga mi av utvandringa frå Skjold prestegjeld 1837-1914, sjå Nils Olav Østrem, *Utvandrarkultur. Ei migrasjonshistorisk undersøking av Skjold prestegjeld 1837-1914*, avhandling (dr. art.), Universitetet i Tromsø, 2002.
- ² Sjølvbiografi, kalla "Birth of a Nation", skriven i Northfield, Minnesota og avslutta i 1977.
- ³ *The New Clarion*, Jewell Lutheran College. A Monthly Publication Issued by the Students of Jewell Lutheran College, Jewell, Iowa, Vol. VI, No 8, May 1918, side 14-15: Class History ... biographies ... (kopi v/John E. Quam til Nils Olav Østrem).
- ⁴ Haugesund Byarkiv: Utskrift af Protokollen for Skattetaxter i de nye bydele, som fra 1ste januar 1911 overgaar til Kjøbstaden Haugesund. I protokollen er både S. P. Haaland og sonen Torbjørn S. Haaland nemnde som skatteytarar på garden Storasund. (Avskrift ved William Hubbard.) Sjå Reidar Østensjø, *Haugesund 1896-1913*, Haugesund 1993: 214ff om byutvidinga.
- ⁵ Sissel Knutsen, *Bønder i by'n. Skjoldfødte i Haugesund 1865-1885*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen 1997 og Sissel Knutsen, Bønder i by'n, side 84-111 i *Årbok for Karmsund 1997-1998*, Haugesund 1998.
- ⁶ Registreringa er gjort frå gards- og ættesoga for Skjold, jfr. Nils Olav Østrem, *Skjold. Gard og ætt I-II*, Stavanger 1999 og *Tysvær. Gard og ætt band 4-5, Skjoldastrauen og Grinde*, Stavanger 1999. I registreringa kan også vera inkludert nokre få utflyttarar som budde i Skåre landsokn, like ved Haugesund by.
- ⁷ Knutsen 1997: 98, tabell 4.1.
- ⁸ Kartlegginga av den seinare flyttehistoria til dei "skjold-" og "vatsfødde" i Haugesund i 1865, byggjer på gards- og ættesogene for Skjold og Vats, sjå Østrem 1999 og Nils Dybdal-Holthe, *Soga om Vats. Gard og ætt i gamle Vats herad*, 1984.
- ⁹ Østrem 1999, *Tysvær 4 (Skjoldastrauen)*: 561f, garden Yrkje nr. 130.
- ¹⁰ Dybdal-Holthe og Lillehammer 1993: 383.
- ¹¹ Statsarkivet i Stavanger, Haugesund byfogdebete: IV.J.4: Dødsfallsprotokoll 1907-1914 (nr. 4/1908).
- ¹² NOS Folkemængdens bevægelse 1866-1910 (NSDs Kommunedatabase).
- ¹³ Riksarkivet, Medisinaldirektoratet, Medisinalinnberetninger, Stavanger Amt.
- ¹⁴ Østrem 1999, *Skjold I*: 451f, garden Haraldseid nr. 263. Husmannsplasset Torraneset – namnet er skrive slik etter gammal uttale og eldre kjeldebelegg – låg i området for den noverande renovasjonspllassen Toraneset.
- ¹⁵ Birger Lindanger og Jørg Eirik Waula, *Rennesøy. Gard og ætt, band 1*, Stavanger 1993: 519, andre oppsitjarar nr. 8.
- ¹⁶ Kyrkjebok for Skåre 1875. Det er ingen opplysningar å finna i kyrkjeboka om dødsfallet til Lars Bårdson. Opplysninga frå William Hubbard.
- ¹⁷ Haugesund byarkiv: Likningsprotokollar 1891, 1901, 1911 og 1919/1920 (avskrifter ved William Hubbard). "Bødker" Lars hadde i 1891 ei formue på 1000 kr og ei næringsinntekt på 700 kr. I 1911 stod formuen hans i 20 000 kr og inntekta i 2200 kr. I protokollen for 1919/1920 står "Bødkermester" Lars Gjertsen framleis oppført med eige hus, men blei ikkje likna for korkje inntekt eller formue.
- ¹⁸ Liv Mykland og Kjell-Olav Masdalen, *Administrasjonshistorie og arkivkunnskap. Kommunene*, Oslo 1987: 144ff har opplysningar om fattiglovgjeving og heimstamnsforklaringar.
- ¹⁹ Haugesund byarkiv: Fattigstyre, Hjemstavnsforklaringer pakke 1 (1900-1902), legg: Hjemstavnssager for 1901. Jfr. Østrem 1999, *Skjold I*: 194, garden Kalvaland nr. 29j.
- ²⁰ Arne Langhelle, Svein Ivar Langhelle og Nils Olav Østrem, *Gard og folk i Skåre. Skåre kommune. Gards- og ættesoge for Skåre herad*, Haugesund 1999: 898, garden Sørhaug nr. 76.
- ²¹ Langhelle, Langhelle og Østrem 1999: 840, garden Grønhaug nr. 16.
- ²² Riksarkivet, Digitalarkivet, folketeljinga for Skjold sokn 1900 viser at Henrik ikkje budde i bygda på det tidspunktet.
- ²³ Haugesund byarkiv: Fattigstyre, Hjemstavnsforklaringer, pakke 1 (1900-1902), legg: Hjemstavnssager for 1901.
- ²⁴ Folketeljinga for 1900, Skjold. Jfr. Østrem 1999, *Tysvær 5 (Grinde)*: 349, garden Grinde nr. 443.
- ²⁵ Østrem 1999, *Skjold I*: 33, garden Håvik nr. 58b.
- ²⁶ Haugesund byarkiv: Fattigstyre, Hjemstavnsforklaringer, pakke 3 (1905), legg: Henlagte saker 1905.
- ²⁷ Haugesund byarkiv: Fattigstyre, Hjemstavnsforklaringer, pakke 2 (1903-1904), legg: Henlagte saker 1904.
- ²⁸ Haugesund byarkiv: Fattigstyre, Hjemstavnsforklaringer, pakke 2 (1903-1904), legg: Henlagte saker 1904.
- ²⁹ Ingrid Semmingsen, Emigration from Scandinavia, i *Scandinavian economic history review*, vol. 20, år 1972, heftenum. 1: 49f.
- ³⁰ William H. Hubbard, Peopling a new town: Haugesund, 1865-1910, i Ersland, G. A., Hovland, E. og Dyrvik, S. (red.), *Festskrift til Historisk institutts 40-års jubileum 1997*, Bergen 1997: 258. Om utvandring frå Stavanger, sjå Idar Ree, *Utvandrarar frå Stavanger 1903 og 1913 : ein studie i urban migrasjon*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo 2003 og Idar Ree, Utvandrarane frå Stavanger. Ein presentasjon av ei hovudfagsoppgåve om urban migrasjon, i Daatland, D. D. og Aarek, H. E. (red.), *Migrasjon som kultur*, artikkelsamling utgitt av Migrasjonsprosjektet i Rogaland, Stavanger 2003.